



Ei trådsnelle fekk nytt liv.


Tok vare på alt

Det er spesielt at Severinbrauta vart driven som sjølvbergingsbruk heilt til slutten av 1980-åra. Kvinnene tok vare på alt, så historia frå etableringa i 1870-åra og fram til i dag er dokumentert gjennom kvardagsutstyr og andre gjenstandar, tekstilar, bilete og brev.

Av dette rikhaldige materialet kan vi lese tallause historier. Det kan vere historiene om:

- ☛ lokalsamfunnet
- ☛ husmannsplassar og plassefolk
- ☛ å vere fødd utanfor ekteskap
- ☛ draumen om Amerika
- ☛ kvinnene – om liv og gjerning
- ☛ kvardagen
- ☛ å vere nøysam
- ☛ kulturlandskap
- ☛ byggjeskikkane

Stiftinga Severinbrauta



Vi tek imot grupper for omvising på førespurnad. Ta gjerne kontakt.

Stiftinga Severinbrauta
v/Hegelin Waldal, 6210 Valldal
Tlf. 70 25 94 99 / 91 37 01 36
E-post: hegelin@spraksmia.no



Arven etter Brauta-Nelly

I 1995 døydde Nelly Veiberg, den einaste etterkomaren etter folket på husmannsplassen Severinbrauta.

Ho etterlét seg ein kulturhistorisk skatt som er eineståande i Noreg.



*Velkomen til Severinbrauta
freda kulturminne i Eidsdal,
Nørddal kommune*



Minne frå vår nære fortid

Nelly budde åleine på Severinbrauta med sin før-industrielle levemåte til inn i 1990-åra. Bygning og interiør, og særleg tekstilane, er kulturhistoriske skattar. Det er som om tida har stått stille her. Samfunnet rundt endra seg dramatisk frå 1870 til 1995. På Severinbrauta får ein eit blikk inn i korleis det var før, kva som er blitt betre – og kva som er gått tapt.



På Severinbrauta kan du sjå:

- ☛ Ei røykstove bygd saman med fjøs og løe. Ho er heilt intakt og har aldri vore modernisert.
- ☛ Ei stove inne som er rekonstruert slik ho kan ha vore i 1960-åra.
- ☛ «Rommet med det rare i.» Brauta-tausene tok vare på det meste, og vi har stilt ut noko av det.
- ☛ 6,3 dekar kulturmiljø: slåtteng på mura terrassar, bær- og frukthage, urte- og staudebed og andre kulturskapte element.



Frå venstre Torine, Susanne, Inger og Nikoline med Nelly og Severin framføre seg.

Historia til Severinbrauta:

1872: Oline Marta Nilsdotter Kleiven frå Kleivahaugen i Eidsdal og Severin Ols. Osvik frå Osvika giftar seg.

1870-åra: Oline Marta og Severin etablerer Severinbrauta, ein husmannsplass under Oppigarden på Veiberg.

1872–1884: Dei får sju born: Nikoline, Ole, Torine, Inger, Susanne Marta, Ole Martinus og Pernille.

Rundt hundreårsskiftet reiser brørne kvar for seg til USA. Søstrene tek teneste rundt omkring i distriktet. Alle søstrene bur periodevis på Severinbrauta. Der driv dei sjølvbergingshushald og tek på seg arbeid med spinning heime og baking, potetopptaking og anna rundt i bygda. Ingen av dei vert gifte.

1915: Susanne får dottera Nelly utanfor ekteskap.

1965–66: Pernille, Torine og Susanne døyr. Nelly vert att åleine på Severinbrauta.

1995: Nelly døyr. Det finst ingen etterkomarar.

Staten overtek arven etter Nelly, med bygning, innbu og pengar. Dette vert seinare overført til Norddal kommune, som skal forvalte plassen. I 1998 vert Stiftinga Severinbrauta oppretta. Målet er å gjere plassebruket til ein formidlingsstad.